



Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030

Føremål

Frivilligpolitikken skal bidra til eit inkluderande, berekraftig og levande lokalsamfunn. Stryn kommune skal styrke og vidareutvikle frivillig sektor som ein sentral samfunnsaktør, i tråd med samfunnsplanen Fagre Stryn 2.0.

Bakgrunn

Stryn kommune anerkjenner verdien av frivillig arbeid i lokalsamfunnet. Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar bidreg dagleg til å forbetre livskvaliteten for innbyggjarane, men skal supplere, og ikkje erstatte kommunen sine lovpålagte oppgåver.

Frivilligpolitikken byggjer på innspel frå lokale lag og organisasjonar, samla gjennom kafédialog 15. juni 2023, og anbefalingar frå Frivillighet Norge. Politikken er tett kopla til kommunen sitt kunnskapsgrunnlag, kommunedelplanar og samfunnsplan.

Mål og satsingsområde

Stryn kommune skal ha ein heilskapleg og berekraftig frivilligpolitikk med følgjande satsingsområde:

1. Styrke samarbeid og samskaping mellom kommune og frivillig sektor
2. Etablere møteplassar og digitale løysingar
3. Rekruttere nye frivillige og styrke mangfaldet
4. Tilby opplæring og kompetanseheving
5. Forenkle tilskotsordningar og synleggjere frivilligheita
6. Utvikle samarbeidsforum og vidareføre stillinga som samfunnskoordinator

Roller og ansvar

Stryn kommune skal:

- Stimulere og legge til rette for frivillig arbeid
- Vere ein samlande samarbeidspartnar
- Ha oversikt over frivilligheita og støtte eksisterande tilbod
- Ikkje konkurrere med frivilligheita, men vere støttespelar
- Vidareføre stillinga som samfunnskoordinator
- Utarbeide samarbeidsavtalar med organisasjonar
- Legge til rette for årlege dialogmøter
- Digital synleggjering og felles årshjul for aktivitetar via t.d. istryn.no
- Legge til rette for eit samarbeidsforum med kommune, idrettsråd og kulturråd

Frivillige lag og organisasjonar skal:

- Vere uavhengige, mangfaldige og tilgjengelege
- Bidra med kultur, integrering, beredskap og møteplassar
- Samarbeide med kommunen på ein likeverdige og gjensidig måte
- Bidra til eit inkluderande, berekraftig og levande lokalsamfunn.